

Idrettsstemne

Etter lydbandopptak med Sverre S.Brunstad i 1977 og 1978

Som regel hadde Velledalen Idrottslag eit stemne kvart år. Oftast vart det tilskipa her nede i dalen. Dei som stod føre øvingane, fann seg ei nokolunde flat slette når dei skulle drive med lengde og høgde. Idrettslaget heldt òg til på ei lita slette nedanfor Lastølen. Åmund-Ole, Ole L. Velle (f.1884), var alltid ein av dei fremste i lengde og høgde. Ole var ein lett og spenstig kar. Der var mange deltakarar. Men det var ikkje noko som heitte trening den tida. Så resultatet vart ”der itte”.

Stilen var slik i høgde at dei ”språng” beint imot og bykste rett opp. Noko særleg over 1,40 meter greidde dei sjeldan. Seinare var det nokre som liksom begynte å ta ein sleng over. Dei eldste syntest ikkje at det var rett å forandre stilen. I lengde vart det hoppa frå 4,5 og fram i 5 meter, ikkje noko særleg meir.

Kasta jakka. Deltakarane hadde enkelt utsyr i den tida. I høgde brukte dei to stikker med navarhol som dei stakk pinnar i, og pinnane flytte dei oppover. Så datt ifrå snart ein og snart ein annan som ikkje kom seg høgare. Det vart brukt vanlege kle. Ein kasta jakka og bretta opp skjorteermene. Somme brigda opp bukka ein grand. Deltakarane hadde alltid sundagsutsyr, for idrettsleikane gjekk føre seg om sundagane. Dei fyrste åra kom det ikkje folk frå andre stadar i bygda. Stemna i den tida var berre for velledalingane.

Det var òg slik at Velledalen Idrottslag stod tilslutta sentralforeninga for idrett, altså i fylket. Som regel fekk laget her premie derifrå, som gjekk til bestemann. I seinare år var det han Sigvart Fedt (f. 1897) i Pållygarden som fekk den premien nokre gonger. Ole L. Velle, vart òg premiirt ofte.

Terrengløp. Av og til var det terrengløp. Eg hugsar eitt år då starten gjekk frå geila der Valljasmeden budde i ei stove som vart flytt frå Pegarden på Hjortdal og dit ned. (Smed-stova hadde vore gardshuset til den kjende slåttespelaren Gamlehjortdalen). Så gjekk løypa over Valljabrua og framover Bjønnagjerda mot Brunstad-bytet. Løypa hadde òg nokre postar som deltakarane skulle finne, og på kvar post skulle det stikkast ein lapp som viste at kvar deltakar hadde funne alle postane.

Sko med hæljarn. Vi heldt til med friidrett andre stader enn nedanfor Lastølen, i Grogjerdet og Bjønnagjerda på Velle. Ein gong brukte vi ei slette som ligg mellom grusbana på Dalemyra og elva. Ein annan gong gjekk idrettsleikane føre seg rett på hi sida av Storelva framfor der ho Tore-Berte (Berte Velle f. 1895) budde, og der han Bakka bur no. Eg hugsar òg at vi bykste lengde og høgde på eit udyrka markstykkje nedanfor der bilverkstaden til Åmund-Lars står. Vi kunne aldri kome nær dyrkamarka med idrettsøvingane i den tida, for hæljarna sette svarte merke i grasvollen. Du veit, det var berre heimesydde skor med hæljarn i gamle dagar.

Sykling. Eg var med i kappsykling i åra 1915-16 og 17. Starten var ved Vallja-smia og ruta gjekk utover Dravlausstranda.

Skirenn. Ein gong for vinteren vart det arrangert skirenn. Oftast var starten ved ungdomshuset på Oddebrauta. Så gjekk løypa etter vegen fram til Øggaren og heim att. Eg hugsar at Hans Hole (1881-1951), som var frå Øyebruket på Hole, og som seinare gifte seg og kjøpte Bødabruket på Øggaren, vann langrennet i 1909. Han var ein tur heime frå Amerika. Hans brukte berre éin staur eller kjepp. Om dette rennet skreiv eg til bror min i Amerika. Han skreiv tilbake og takka for brevet som fortalde om Hans og ”skiløbningen”.

Det var mange som gjekk den gongen, men eg hugsar ikkje andre resultat. Som ein skjønar, så gjekk langrennsløypa frå ungdomshuset og frametter bygdevegen og tilbake. Seinare gjekk løypa over i Holemarka og kom ned att gjennom Hole-garden og nedetter Brunstad-vegen og opp att til Ungdomshuset..

Eg bør vel òg nemne at ein gong gjekk løypa etter gamlevegen til Velle, bort i utmarka og same vegen tilbake.

Jostein Drabløs.